

VÅGÅ

KOMMUNE

NÆRINGSSEKTOREN

Melding om vedtak

Det Kongelige Landbruks-og matdepartement

Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:
05/00987-3

Saksbeh:
Sonja Tangen, 61 29 36 60

Arkivkode:
V70 &00

Dato:
07.10.2005

Særutskrift: Forskrift om berekraftig skogbruk

Vedlagt følger særutskrift av sak 80/05 i hovudutval for teknisk, plan, landbruk og naturforvaltning, den 06.10.05.

Med helsing

Sonja Tangen
Sekretær

SAKSGANG:			
R.f.	Utval	Møtedato	Utvalssak
1	Hovudutval for teknisk, plan, landbruk og naturforvaltning	06.10.05	080/05

Forskrift om berekraftig skogbruk - Høring

Saksdokument:

Brev frå Landbruks- og matdepartementet datert 06.07.2005.

Brev frå Landbruks- og matdepartementet datert 15.07.2005.

Forskrift om berekraftig skogbruk

Høyringsinstansar ved høyring – Forskrift om berekraftig skogbruk

SAKSFRAMSTILLING:

Utkast til ny forskrift om berekraftig skogbruk er sendt på høyring frå Landbruks- og matdepartementet. Forskrifta inneheld føresegner både om miljøomsyn og om tilfredsstillande forynging. Utkastet inneheld også føresegner om tiltak mot skade på skog. Høyringsfrist er 4. oktober 2005.

Bakgrunn:

Miljøomsyn:

Regjeringa la hausten 2004 fram framlegg om ny skogbrukslov. I proposisjonen (Ot. Prp. nr 28 (2004-2005)) står følgjande om miljøforskrift:

”Departementet meiner likevel at det er ønskjeleg at skogeigaren sitt miljøansvar, slik dette er formulert i §4 første ledd også går fram gjennom utfyllande forskrifter til lova. Dette fordi departementet meiner det er eit offentleg ansvar å gi næringa klare rammer for miljøomsyna i verksemda Reglane vil dessutan kunne fungere som eit sikringsnett dersom arbeidet med den frivillige sertifiseringsordninga skulle svekkast i høve til i dag. Samstundes legg departementet vesentleg vekt på ikkje å legge nye byrder på skogeigarar som aktivt følgjer opp skogbruksnæringa sitt arbeid med miljøomsyn og miljøsertifisering. Ei forskrift må utformast slik at ho sikrar nødvendig minstekrav utan å svekkje den motivasjon næringa har for frivillig miljøomsyn, og utan å kaste vrak på det verdifulle arbeidet som er lagt ned gjennom Levende Skog og sertifiseringssystem, kompetansehevingstiltak og anna som ligg i oppfølginga av Levende Skog. Departementet legg til grunn at dei som er tilslutta gjeldande sertifiseringsordning vil tilfredsstillende dei krava som blir sett i lova, og som vil følgje av den komande forskrifta.”

Departementet skriv: ” Slik utkastet no ligg føre er det vår vurdering at forskrifta kan fungere som eit sikringsnett utan å gje meir byråkrati og svekkje skogeigarane sin motivasjon for å drive arbeidet vidare med frivillige miljøomsyn.”

Tilfredsstillande forynging etter hogst:

Av den nye lova går det fram at skogeigaren skal sørge for tilfredsstillande forynging etter hogst, og at skogeigaren skal sjå til at det er samheng mellom hogstform og metode for

forynging. Lova stiller og krav om at skogeigaren skal setje i gang nødvendige tiltak for forynging etter hogst. I utkastet til føresegner om tilfredsstillande forynging har departementet lagt vekt på å vise både dei tilrådde plantetala for dei ulike bonitetklassene, og den absolutt nedre grensa som kan utløyse tiltak overfor skogeigaren.

Tiltak mot skadar på skog:

Føresegnene i dette kapitlet er i hovudsak i samsvar med gjeldande reglar. Men departementet legg opp til meir nyanserte føresegner enn det som går fram av gjeldande forskrift.

Vurdering:

Kapittel 2. Miljøomsyn:

Lovgjevinga i t.d. Sverige, Finland og Tyskland inneheld konkrete føresegner om skogbruket sine miljøoppgåver, under dette omsyn til nøkkelbiotopar og andre særlege miljøverdiar i skog.

Det utøvande skogbruk gjennom Norges Skogeierforbund har gått i mot miljøforskrift, og vist til Levende Skog standardane. Levende Skog er ei avtale mellom skogbruket og ei rekkje miljø-, friluft-, arbeidstakar- og treforedlingsorganisasjonar om korleis skogbruket skal drivast for mellom anna ta tilstrekkelege miljøomsyn. Formålet med avtala var å skape »fred» med miljøinteressene, og gjere norsk skogbruk truverdig i miljøringsmarknaden. Tida har vist at kritikken frå miljøringsmarknaden mot norsk skogbruk har halde fram, også i internasjonale fora, for å fremje press mot norsk skogbruk. Miljøringsmarknaden ynskjer stadig å frede større skogareal, og å stramme inn på standardane slik at skogbruket blir pålagt stadig nye restriksjonar. Det har nå blitt prøvd å gjennomføre ein avtala revisjon av Levende Skog standardane. Det har resultert i at Norges naturvernforbund har brote samarbeidet fordi dei følte at dei ikkje fekk nok gjennomslag for innstrammingar i standardane.

Det ligg i sakens natur at miljøorganisasjonane alltid vil presse for at miljøinteressene skal vektleggast stadig tyngre i forhold til andre interesser. Derfor er det viktig at det offentlege trekker opp klare rammer for dei krav som skal stillast til skogbruket for at tilstrekkelege miljøomsyn blir teke. Landbruksdepartementet har investert meir enn 40 millionar kroner i prosjektet »Miljøregistrering i skog – MiS). Noreg har gjennom dette prosjektet skaffa seg unik kunnskap, også sett i eit internasjonalt perspektiv, om korleis ein skal ta vare på det biologiske mangfald i norsk skog. Denne kunnskapen blir no nytta til å utarbeide ei detaljert miljøforskrift.

Reglane er detaljert ned på same nivå som Levende Skog standardane. Forskrifta sett ikkje strengare krav enn standardane. Ein skogeigar som driv skogen i samsvar med Levende skog standardane vil og tilfredsstillast krava i miljøforskrifta.

Miljøforskrifta vil kunne vere eit bidrag for å sikre skogeigaren sin rettstryggleik i miljøspørsmål. Handsaminga av offentlege lovar og forskrifter er styrt av forvaltningslova, og skogeigar er sikre rett til å klage på vedtak og få saka vurdert av overordna organ. Levende Skog standardane har ikkje ein slik rettstryggleik for skogeigaren.

Miljøforskrifta vil kunne sette ein standard på kva som er naudsynt for sikre at tilstrekkeleg miljøomsyn blir tatt. Det vil ha stor verdi for det utøvande skogbruk å ha eit slikt rammeverk å halde seg til når dei skal diskutere Levende Skog standardar med miljøringsmarknaden. Det er å håpe at det kan vere med å dempe presset om stadig aukande restriksjonar. Det vil ha stor verdi for treforedlande industri, både nasjonalt og internasjonalt, og kunne marknadsføre at produkta er produsert innanfor ei detaljert nasjonal miljøforskrift. Det er grunn til å understreke at framlegget ikkje har bakgrunn i eit ynskje om å auke byråkratiet, eller gje kommunen meir makt, men fordi det utøvande skogbruk vil vere tent med ei miljøforskrift.

Alt tømmer som blir omsatt gjennom skogeigarforeininga skal følgje Levende Skog standardar, og dette skal sikre at nødvendige miljøomsyn blir teke. For tømmer som blir seld direkte utanom skogeigarforeininga har ikkje skogbruket sjølv noko system som skal sikre miljøomsyna. Det blir oppfølginga frå kommunen på dei meir generelle føresegnene i skogbrukslova, og rundskriv frå Landbruksdepartementet som omhandlar skogbrukets

miljøansvar. Ei miljøforskrift som ligg på same nivå som Levende Skog standardane vil sikre at same regelverk gjeld for alle same korleis ein vel å selje tømmeret. Det vil ikkje freste skogeigar til å ikkje vere med på områdetakstar med miljøregistreringar ut frå ein motivasjon om å klare å omsette tømmeret utanom skogeigarforeininga, og dermed sleppe å ta miljøomsyn. Den gode tilslutninga til områdetaksten i Ottadalen viser at dette ikkje er noko stort problem, men det er eit sunt prinsipp at same regelverk gjeld for alle innan same næringa. Dei som er pliktoppfyllande og tek miljøansvar, bør ikkje få større økonomiske byrder enn dei som ikkje er like pliktoppfyllande.

Ved at miljøforskrifta er lagt på same nivå som Levende Skog standardane vil kommunen i utgangspunktet kunne gå ut frå at tømmer omsatt gjennom skogeigarforeiningane skal tilfredstille miljøforskrifta. Det er ved omsetting av virke utanom skogeigarforeininga, og ved konflikt om tolking av standardane/miljøforskrifta at kommunen i praksis vil få ei oppgåve.

Kapittel 3. Forynging etter hogst

Plikt til å syte for ny skog etter hogst er fundamental i lovgiving om skog i nyare tid. Dette er blitt eit særleg aktuelt spørsmål etter at statstilskotet til planting blei teke bort. Både Sverige og Finland har i sine lover heimla ei plikt til å reise ny skog etter hogst. Lovane i dei to landa gjev heimel til å setje tidsfristar og kvalitetskrav til forynging, og til å krevje meldingar om planlagde og gjennomførte tiltak som siktar mot forynging.

Departementet meiner at ved hogst tek skogeigaren ut verdiar og inntekter frå skogen. Departementet legg derfor til grunn at dette gjer skogeigaren forplikta til å ta kostnaden med å få opp ny skog. Dei seinare år har dette prinsippet kome litt i bakgrunn i tråd med den samfunnsmessige utviklinga der kortsiktig profitt er i fokus, og investeringar i eit 100 års perspektiv kjem i bakgrunn. Foryngingsfeltkontrollar som skogoppsynet har gjennomført over hele landet viser at på ca. 20-25 % av hogstflatene er det ikkje gjort tiltak for å sikre ny forynging. I tillegg har ein monaleg del av det tilplanta areal på dei beste bonitetane for lågt treetal. Dette vil gje store konsekvensar for framtidig avverkingskvantum. Skogforskarar har rekna ut at om denne trenden fortsett vil tilveksten i norske skogar i løpet av neste hundreår bli halvert frå 23 millionar kubikkmeter i dag til 10 millionar kubikkmeter. Da er tilveksten tilbake på det nivå den var ved inngangen på 1900 talet. Stor satsing på planting og skogkultur, med monaleg statleg støtte, dobla tilveksten i løpet av 1900 talet. Derfor har forskrifta ei klar foryngingsplikt med klare tidsfristar og minimumskrav på tal utviklingsdyktige planter av rett treslag.

Departementet har i forskrifta sett opp ein tabell med tilrådd plantetal og minste lovlege plantetal pr daa. For gran er tilrådd plantetal pr daa 300-180 på G26-G20 (sørs høg til høg bonitet), 230-130 på G17-G14 (høg til middels bonitet) og 140-60 på G11-G6 (middels til låg bonitet). Minste lovlege plantetal på same bonitetar er 150, 100 og 50 planter. For furu er tilrådd plantetal pr daa 340-190 på F20-F17 (høg bonitet), 240-120 på F14-F11 (middels bonitet) og 130-80 på F8-F6 (låg bonitet). Minste lovlege plantetal på same bonitetar er 150, 100 og 50 planter. Minimumskravet i forskrifta ligg under det som er naudsynt for å få tilfredsstillande kvalitets- og volumproduksjon. Det hadde vore ynskjeleg at nivået var minst 40 % høgare, for kvalitetsproduksjon av furu må ein langt høgare enn det og. Men som eit minimumsnivå, kor skogeigaren blir pålagt å gjere tiltak for å betre situasjonen om ein kjem under dette, finn ein det rett at nivået ikkje er høgare. Det er rett å akseptere at nivået er noko under det som er optimalt før det offentlege skal gå inn med pålegg.

Kapittel 4. Tiltak mot skadar på skog.

Forskrifta pålegg kommunen å overvake skogen av omsyn til fare for ulike skogskadar. Departementet kan påleggje kommunen å utarbeide oversikter og rapportar om helsetilstand til skogen. Dette og det resterande som står i dette kapitlet er stort sett i samsvar med det som har vori gjeldande fram til no.

Konklusjon:

Framlegget til forskrift er i all hovudsak i samsvar med dei synspunkt Vågå kommune gav uttrykk for under høyringa på framlegget til ny skogbrukslov.

Administrasjonssjefens innstilling:

Vågå kommune rår til at "Forskrift om berekraftig skogbruk" blir vedteke slik den ligg føre.

Behandling i Hovudutval for teknisk, plan, landbruk og naturforvaltning - 06.10.2005:

Samrøystes vedteke som innstillinga.

Vedtak i Hovudutval for teknisk, plan, landbruk og naturforvaltning - 06.10.2005:

Vågå kommune rår til at "Forskrift om berekraftig skogbruk" blir vedteke slik den ligg føre.

SAKSGANG:			
R.f.	Utval	Møtedato	Utvalssak
1	Hovudutval for teknisk, plan, landbruk og naturforvaltning	06.10.05	080/05

Forskrift om berekraftig skogbruk - Høring

Saksdokument:

Brev frå Landbruks- og matdepartementet datert 06.07.2005.

Brev frå Landbruks- og matdepartementet datert 15.07.2005.

Forskrift om berekraftig skogbruk

Høyringsinstansar ved høyring – Forskrift om berekraftig skogbruk

SAKSFRAMSTILLING:

Utkast til ny forskrift om berekraftig skogbruk er sendt på høyring frå Landbruks- og matdepartementet. Forskrifta inneheld føresegner både om miljøomsyn og om tilfredsstillande forynging. Utkastet inneheld også føresegner om tiltak mot skade på skog. Høyringsfrist er 4. oktober 2005.

Bakgrunn:

Miljøomsyn:

Regjeringa la hausten 2004 fram framlegg om ny skogbrukslov. I proposisjonen (Ot. Prp. nr 28 (2004-2005)) står følgjande om miljøforskrift:

”Departementet meiner likevel at det er ønskjeleg at skogeigaren sitt miljøansvar, slik dette er formulert i §4 første ledd også går fram gjennom utfyllande forskrifter til lova. Dette fordi departementet meiner det er eit offentleg ansvar å gi næringa klare rammer for miljøomsyna i verksemda Reglane vil dessutan kunne fungere som eit sikringsnett dersom arbeidet med den frivillige sertifiseringsordninga skulle svekkast i høve til i dag. Samstundes legg departementet vesentleg vekt på ikkje å legge nye byrder på skogeigarar som aktivt følgjer opp skogbruksnæringa sitt arbeid med miljøomsyn og miljøsertifisering. Ei forskrift må utformast slik at ho sikrar nødvendig minstekrav utan å svekkje den motivasjon næringa har for frivillig miljøomsyn, og utan å kaste vrak på det verdifulle arbeidet som er lagt ned gjennom Levende Skog og sertifiseringssystem, kompetansehevingstiltak og anna som ligg i oppfølginga av Levende Skog. Departementet legg til grunn at dei som er tilslutta gjeldande sertifiseringsordning vil tilfredsstillende dei krava som blir sett i lova, og som vil følgje av den komande forskrifta.”

Departementet skriv: ” Slik utkastet no ligg føre er det vår vurdering at forskrifta kan fungere som eit sikringsnett utan å gje meir byråkrati og svekkje skogeigarane sin motivasjon for å drive arbeidet vidare med frivillige miljøomsyn.”

Tilfredsstillande forynging etter hogst:

Av den nye lova går det fram at skogeigaren skal sørgje for tilfredsstillande forynging etter hogst, og at skogeigaren skal sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for

forynging. Lova stiller og krav om at skogeigaren skal setje i gang nødvendige tiltak for forynging etter hogst. I utkastet til føresegner om tilfredsstillande forynging har departementet lagt vekt på å vise både dei tilrådde plantetala for dei ulike bonitetklassene, og den absolutt nedre grensa som kan utløyse tiltak overfor skogeigaren.

Tiltak mot skadar på skog:

Føresegnene i dette kapitelet er i hovudsak i samsvar med gjeldande reglar. Men departementet legg opp til meir nyanserte føresegner enn det som går fram av gjeldande forskrift.

Vurdering:

Kapittel 2. Miljøomsyn:

Lovgjevinga i t.d. Sverige, Finland og Tyskland inneheld konkrete føresegner om skogbruket sine miljøoppgåver, under dette omsyn til nøkkelbiotopar og andre særlege miljøverdier i skog.

Det utøvande skogbruk gjennom Norges Skogeierforbund har gått i mot miljøforskrift, og vist til Levende Skog standardane. Levende Skog er ei avtale mellom skogbruket og ei rekkje miljø-, friluft-, arbeidstakar- og treforedlingsorganisasjonar om korleis skogbruket skal drivast for mellom anna ta tilstrekkelege miljøomsyn. Formålet med avtala var å skape »fred» med miljøinteressene, og gjere norsk skogbruk truverdig i miljøsamanheng i verdsmarknaden. Tida har vist at kritikken frå miljørada mot norsk skogbruk har halde fram, også i internasjonale fora, for å fremje press mot norsk skogbruk. Miljørada ynskjer stadig å frede større skogareal, og å stramme inn på standardane slik at skogbruket blir pålagt stadig nye restriksjonar. Det har nå blitt prøvd å gjennomføre ein avtala revisjon av Levende Skog standardane. Det har resultert i at Norges naturvernforbund har brote samarbeidet fordi dei følte at dei ikkje fekk nok gjennomslag for innstrammingar i standardane.

Det ligg i sakens natur at miljøorganisasjonane alltid vil presse for at miljøinteressene skal vektleggast stadig tyngre i forhold til andre interesser. Derfor er det viktig at det offentlege trekker opp klare rammer for dei krav som skal stillast til skogbruket for at tilstrekkelege miljøomsyn blir teke. Landbruksdepartementet har investert meir enn 40 millionar kroner i prosjektet »Miljøregistrering i skog – MiS). Noreg har gjennom dette prosjektet skaffa seg unik kunnskap, også sett i eit internasjonalt perspektiv, om korleis ein skal ta vare på det biologiske mangfald i norsk skog. Denne kunnskapen blir no nytta til å utarbeide ei detaljert miljøforskrift.

Reglane er detaljert ned på same nivå som Levende Skog standardane. Forskrifta sett ikkje strengare krav enn standardane. Ein skogeigar som driv skogen i samsvar med Levende skog standardane vil og tilfredsstillast krava i miljøforskrifta.

Miljøforskrifta vil kunne vere eit bidrag for å sikre skogeigaren sin rettstryggleik i miljøspørsmål. Handsaminga av offentlege lovar og forskrifter er styrt av forvaltningslova, og skogeigar er sikre rett til å klage på vedtak og få saka vurdert av overordna organ. Levende Skog standardane har ikkje ein slik rettstryggleik for skogeigaren.

Miljøforskrifta vil kunne sette ein standard på kva som er naudsynt for sikre at tilstrekkeleg miljøomsyn blir tatt. Det vil ha stor verdi for det utøvande skogbruk å ha eit slikt rammeverk å halde seg til når dei skal diskutere Levende Skog standardar med miljørada. Det er å håpe at det kan vere med å dempe presset om stadig aukande restriksjonar. Det vil ha stor verdi for treforedlande industri, både nasjonalt og internasjonalt, og kunne marknadsføre at produkta er produsert innanfor ei detaljert nasjonal miljøforskrift. Det er grunn til å understreke at framlegget ikkje har bakgrunn i eit ynskje om å auke byråkratiet, eller gje kommunen meir makt, men fordi det utøvande skogbruk vil vere tent med ei miljøforskrift.

Alt tømmer som blir omsatt gjennom skogeigarforeininga skal følgje Levende Skog standardar, og dette skal sikre at nødvendige miljøomsyn blir teke. For tømmer som blir seld direkte utanom skogeigarforeininga har ikkje skogbruket sjølv noko system som skal sikre miljøomsyna. Det blir oppfølginga frå kommunen på dei meir generelle føresegnene i skogbrukslova, og rundskriv frå Landbruksdepartementet som omhandlar skogbrukets

miljøansvar. Ei miljøforskrift som ligg på same nivå som Levende Skog standardane vil sikre at same regelverk gjeld for alle same korleis ein vel å selje tømmeret. Det vil ikkje freste skogeigar til å ikkje vere med på områdetakstar med miljøregistreringar ut frå ein motivasjon om å klare å omsette tømmeret utanom skogeigarforeininga, og dermed sleppe å ta miljøomsyn. Den gode tilslutninga til områdetaksten i Ottadalen viser at dette ikkje er noko stort problem, men det er eit sunt prinsipp at same regelverk gjeld for alle innan same næringa. Dei som er plikttoppfyllande og tek miljøansvar, bør ikkje få større økonomiske byrder enn dei som ikkje er like plikttoppfyllande.

Ved at miljøforskrifta er lagt på same nivå som Levende Skog standardane vil kommunen i utgangspunktet kunne gå ut frå at tømmer omsatt gjennom skogeigarforeiningane skal tilfredstille miljøforskrifta. Det er ved omsetting av virke utanom skogeigarforeininga, og ved konflikt om tolking av standardane/miljøforskrifta at kommunen i praksis vil få ei oppgåve.

Kapittel 3. Forynging etter hogst

Plikt til å syte for ny skog etter hogst er fundamental i lovgiving om skog i nyare tid. Dette er blitt eit særleg aktuelt spørsmål etter at statstilskotet til planting blei teke bort. Både Sverige og Finland har i sine lover heimla ei plikt til å reise ny skog etter hogst. Lovane i dei to landa gjev heimel til å setje tidsfristar og kvalitetskrav til forynging, og til å krevje meldingar om planlagde og gjennomførte tiltak som siktar mot forynging.

Departementet meiner at ved hogst tek skogeigaren ut verdiar og inntekter frå skogen. Departementet legg derfor til grunn at dette gjer skogeigaren forplikta til å ta kostnaden med å få opp ny skog. Dei seinare år har dette prinsippet kome litt i bakgrunn i tråd med den samfunnsmessige utviklinga der kortsiktig profitt er i fokus, og investeringar i eit 100 års perspektiv kjem i bakgrunn. Foryngingsfeltkontrollar som skogoppsynet har gjennomført over hele landet viser at på ca. 20-25 % av hogstflatene er det ikkje gjort tiltak for å sikre ny forynging. I tillegg har ein monaleg del av det tilplanta areal på dei beste bonitetane for lågt tretal. Dette vil gje store konsekvensar for framtidig avverkingskvantum. Skogforskarar har rekna ut at om denne trenden fortsett vil tilveksten i norske skogar i løpet av neste hundreår bli halvert frå 23 millionar kubikkmeter i dag til 10 millionar kubikkmeter. Da er tilveksten tilbake på det nivå den var ved inngangen på 1900 talet. Stor satsing på planting og skogkultur, med monaleg statleg støtte, dobla tilveksten i løpet av 1900 talet. Derfor har forskrifta ei klar foryngingsplikt med klare tidsfristar og minimumskrav på tal utviklingsdyktige planter av rett treslag.

Departementet har i forskrifta sett opp ein tabell med tilrådd plantetal og minste lovlege plantetal pr daa. For gran er tilrådd plantetal pr daa 300-180 på G26-G20 (sær høg til høg bonitet), 230-130 på G17-G14 (høg til middels bonitet) og 140-60 på G11-G6 (middels til låg bonitet). Minste lovlege plantetal på same bonitetar er 150, 100 og 50 planter. For furu er tilrådd plantetal pr daa 340-190 på F20-F17 (høg bonitet), 240-120 på F14-F11 (middels bonitet) og 130-80 på F8-F6 (låg bonitet). Minste lovlege plantetal på same bonitetar er 150, 100 og 50 planter. Minimumskravet i forskrifta ligg under det som er naudsynt for å få tilfredsstillande kvalitets- og volumproduksjon. Det hadde vore ynskjeleg at nivået var minst 40 % høgare, for kvalitetsproduksjon av furu må ein langt høgare enn det og. Men som eit minimumsnivå, kor skogeigaren blir pålagt å gjere tiltak for å betre situasjonen om ein kjem under dette, finn ein det rett at nivået ikkje er høgare. Det er rett å akseptere at nivået er noko under det som er optimalt før det offentlege skal gå inn med pålegg.

Kapittel 4. Tiltak mot skadar på skog.

Forskrifta pålegg kommunen å overvake skogen av omsyn til fare for ulike skogskadar. Departementet kan påleggje kommunen å utarbeide oversikter og rapportar om helsetilstand til skogen. Dette og det resterande som står i dette kapitlet er stort sett i samsvar med det som har vori gjeldande fram til no.

Konklusjon:

Framlegget til forskrift er i all hovudsak i samsvar med dei synspunkt Vågå kommune gav uttrykk for under høringa på framlegget til ny skogbrukslov.

Administrasjonssjefens innstilling:

Vågå kommune rår til at "Forskrift om berekraftig skogbruk" blir vedteke slik den ligg føre.

Behandling i Hovudutval for teknisk, plan, landbruk og naturforvaltning - 06.10.2005:

Samrøystes vedteke som innstillinga.

Vedtak i Hovudutval for teknisk, plan, landbruk og naturforvaltning - 06.10.2005:

Vågå kommune rår til at "Forskrift om berekraftig skogbruk" blir vedteke slik den ligg føre.